

Arkivnr: 2017/13666-17

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018
Fylkesutvalet		03.05.2018

Europamesterskap i friidrett for ungdom 2021 i Bergen**Samandrag**

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: Kultur, heiter det at «*store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.*» Vidare: «*Store og små arrangement, anlegg og idrettsaktivitet skapar store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Dette gjeld til dømes varehandel, overnattingsstader, kafear og restaurantar. Store nasjonale og internasjonale arrangement set staden og regionen på kartet. Oppslag i media er god reklame for stadane der arrangementa skjer, og der idrettstoppene kjem frå.*».

I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: «*Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettslig satsing og positive ringverknadar for næringslivet. Arrangement bør vise til god geografisk spreing av deltakarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.*».

Det har med jamne mellomrom vore arrangert store friidrettsstevner i Bergen; Bislett Games Bergen i 2003, EM i friidrett for lag i 2009 og 2010. I 2020 skal Fana IL i samarbeid med ein rekke friidrettsklubbar arrangere NM for seniorar. Fana stadion har vore arena for desse stevnene og anlegget har vore gjennom kontinuerleg oppgradering for å kunne vere eit hovudanlegg for nasjonale og internasjonale friidrettsstevner i Hordaland.

Friidrettsmiljøet i Bergen har opparbeida god kompetanse som arrangør av større stevner, og det har vore ein svært positiv utvikling særleg blant yngre utøvarar i Bergen og regionen. Fleire meisterskap og store friidrettsstevner vil difor kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, samt som godt grunnlag for vidare rekrutteringstiltak overfor barn- og ungdom.

Søknadsfristen for arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap er 20. august året før gjennomføring. Søknadane vert handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember.

Hordaland fylkeskommune mottok ein søknad frå Norges Friidrettsforbund den 28. februar 2018 om 200.000 Euro i støtte til å arrangere U-23 EM i friidrett i 8.-11. juni 2021 i Bergen. Norges Friidrettsforbund har også sendt søknad til Bergen kommune om 600.000 Euro i støtte til arrangementet. Friidrettsforbundet har estimert kostnadane til 2 107 000 Euro. Det er behov for ei avklaring om kommunen og fylkeskommunen stiller seg positive til å støtte arrangementet økonomisk innan den 30. april 2018 som er Norges friidrettsforbund sin frist for å sende sin ev. søknad til det Europeiske friidrettsforbundet.

Friddrettsforbundet har meldt inn sitt kandidatur til Det Europeiske Friddrettsforbundet. Ein vurderingsprosess i regi av Det Europeiske Friddrettsforbundet vil vere sommaren 2018 med val av arrangør og vertskapsby innan utgangen av 2018.

U-23 EM i friddrett i 2021 i Bergen vil vere lokalt forankra hjå friddrettsklubbane i Bergen og det nye Vestlandsfylket. Lokale friddrettsklubbar vil stå for det tekniske arrangementet. Det er forventa deltaking frå nærare 50 nasjonar og 1100 deltakarar. I tillegg kjem omlag 500 funksjonærar og støtteapparat. Dette vil kunne generere nærare 10 000 overnattingsdøgn for deltakarar, deira støtteapparat og offisielle representantar. Norges Friddrettsforbund opplyser også at NRK er interessert i å vise arrangementet og ser dette som ei opplading til VM i friddrett i Eugene i USA i august 2021.

U-23 EM i friddrett er eit meisterskap for talentfulle ungdomar. Eit internasjonalt arrangement vil i denne samanheng kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, og ikkje minst som vidare rekruttering overfor barn og unge i det nye Vestlandsfylket.

Bystyre i Bergen kommune skal handsame saka 25. april. Byrådet handsama saka 22. mars sak 59/18 der dei gav følgjande innstilling til bystyret:

1. Bergen bystyre er positiv til at Bergen blir vertskapsby for en norsk søknad om EM i friddrett for ungdom i 2021.
2. Det jobbes vidare sammen med Norges Friddrettsforbund med å etablere et bærekraftig budsjett og arrangementskonsept for EM U-23 i friddrett.
3. Økonomiske konsekvenser av arrangementet innarbeides i forbindelse med byrådets forslag til Handlings- og økonomiplan 2019-2022/Budsjett 2019.

I saksutgreiinga står det at det vert forventa at også Hordaland fylkeskommune bidreg i eit spleiselag. Dialog om dette vil bli innleia med politisk og administrativ leing i fylkeskommunen.

<https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/372065/Framstilling-Europamesterskapet-i-friddrett-ungdom-2021-med-Bergen-som-arrangementsby>

Økonomi: Økonomisk bidrag vert handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.

Klima:

Folkehelse: Bidra til eit breitt kultur- og idrettstilbod. Kompetanseauke i kommunane og idrettsorganisasjonen (arrangementskompetanse). Aktivitet og gode opplevingar.

Regional planstrategi: Gjennomføring av regional kulturplan.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at Norges friddrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friddrett i Bergen i 2021.
2. Økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.